

Samhandlingsreforma

Avtalar og prosjekt i Sogn og Fjordane

21.07.15

Innhald

1. Innleiing	3
2. Avtalar	3
2.1 Inngåtte avtalar	3
2.2 Avtalar under arbeid	5
2.3 Planlagde avtalar	8
2.4 Tabell – oversyn over avtalar	8
3. Prosjekt	8
3.1 Avslutta prosjekt	8
3.2 Prosjekt under arbeid	16
3.3 Planlagde prosjekt	23
3.4 Tabell – oversyn over prosjekt	24
4. Oversyn over deltakarar i avtalearbeid	26
5. Oversyn over deltakarar i prosjektarbeid	28

1. Innleiing


Dette dokumentet inneheld eit oversyn over arbeid med avtalar og prosjekt i Sogn og Fjordane som har samanheng med samhandlingsreforma.

Oversynet omfattar avtalar heimla i overordna rammeavtale eller delavtale mellom Helse Førde og kommunane i fylket og som såleis er ein del av den omforeinte avtalestrukturen.

Vidare omfattar oversynet alle samhandlingsrelaterte utviklingsprosjekt igangsett etter 01.01.11. Dette gjeld både fylkesdekkande prosjekt og meir lokalt avgrensa prosjekt, og både prosjekt der helseføretaket samarbeider med kommunane og reine interkommunale prosjekt. Prosjekt i enkeltkommunar er ikkje medteke. Oversynet er ikkje heilt fullstendig, det vil vere enkelte prosjekt som det av ulike grunnar ikkje er prioritert å ta med.

2. Avtalar

Partane er samde om ein avtalestruktur som vist under:



For å oppnå samanheng og oversyn, skal alle delavtalar vere heimla og forankra i den overordna rammeavtalen, og alle felles prosedyrar skal ha sitt utgangspunkt i ein delavtale. Delavtalane vil i hovudsak vere inngått mellom Helse Førde og alle kommunane i fylket og vere like frå kommune til kommune. Særavtalar er oppfølging av ein delavtale med avtaleføresegrer som er meir tilpassa enkeltkommunar eller kommunegrupper.

Det vil vere samarbeidsavtalar inngått mellom helseføretaket og kommunar som ikkje er med i oversynet. Dette gjeld t.d. avtalar inngått i samband med etablering av øyeblikkeleg hjelp-tilbod, lokalmedisinsk senter o.l. lokalisert til sjukehus.

2.1 Inngåtte avtalar

2.1.1 Rammeavtale mellom helseføretaket og kommunane

Rammeavtale inngått i januar-mars 2012 avklarar føremål og prinsipp for samhandlingsaktiviteten på eit overordna nivå, i tillegg til avklaring av samhandlingsorgan (dialogmøtet, koordineringsrådet og fagrådet), kva område det skal utarbeidast nærare delavtalar på, brukar- og tilsettemedverknad, oppfølging av avvik og handtering av usemje. Avtalen skal evaluerast årleg.

2.1.2 Delavtalar

1. *Partane sitt ansvar for helse- og omsorgstenester*

Delavtalen avklarar det rettslege utgangspunktet for ansvarsfordelinga generelt og på viktige område. Den inneber ei forplikting til vidare avklaringar på område der ansvaret kan vere uklart og/eller område der det er kritisk viktig med god samhandling.

2. *Pasientar med behov for koordinerte tenester*

Avtalen omhandlar tiltak overfor pasientar som gjerne har samansette lidningar og/eller har behov for oppfølging over tid og av både spesialist- og kommunehelsetenesta. Dette vil i stor grad vere pasientar og brukarar som har rett til individuell plan, koordinator og tenester frå koordinerande eining, jf helse- og omsorgstenestelova kap. 7.

3. *Tilvising/innleggjing*

Avtalen skal sikre ansvarsavklaring, god planlegging og god informasjonsoverføring ved tilvising og innleggjing i sjukehus. Den gjeldande avtalen frå 2008 vart ikkje endra i samband med nye reglar i helse- og omsorgstenestelova, men vidareført inntil vidare.

4. *Tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp*

Som eit ledd i samhandlingsreforma blir kommunane sitt ansvar for øyeblikkeleg hjelp utvida til også å omfatte tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp frå 01.01.16. Delavtalen fastlegg ein del prinsipp for etablering av slike tilbod. Det må i tillegg inngåast ein meir konkret «særavtale» med enkeltkommunar/kommunegrupper.

5. *Utskriving*

Ny delavtale for utskrivning av pasientar innan somatikk inneheld konkrete føresegner om varslingsprosedyrar, kommunikasjon og utskrivingsrutinar, tilpassa til nye forskrifter om utskrivingsklare pasientar frå 01.01.12. Når det gjeld psykisk helse/rus gjeld inntil vidare tidlegare inngått delavtale om tilvising og utskrivning.

6. *Kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling*

Gjensidig kunnskapsoverføring, dialog og informasjonsutveksling er sentrale samhandlingselement og heilt avgjerande for å sikre gode tenester og pasientforløp. Spesialisthelsetenesta har også ei lovpålagt rettleiingsplikt overfor kommunane, jf § 6-3 i spesialisthelsetenestelova.

7. *Forsking og utdanning*

Delavtalen skal legge til rette for at det blir utvikla felles tiltak for å styrke kunnskap, kompetanseoppbygging hos helse- og omsorgspersonell og forsking og innovasjon som understøtter intensjonane i samhandlingsreforma.

8. *Svangerskaps-, fødsels-, barselomsorgstenester*

Delavtalen omhandlar m.a. korleis tilrådingane i "Kvalitetskrav til fødselsomsorgen" skal innfriast, tverrfagleg samarbeid og utveksling av informasjon mellom nivåa, utviklinga av ei desentralisert og differensiert svangerskaps-, fødsels og barselomsorg og sikring av følgetenesta, herunder organisering av beredskap for følgeteneste.

9. *IKT-løysingar lokalt*

Samarbeid om IKT-løysingar og utviklinga av IKT-system lokalt er svært viktig for å få til god samhandling, og avtalen omhandlar nokre prinsipp for dette samarbeidet og aktuelle tiltak.

10. *Førebygging*

For å møte helse- og omsorgsutfordringane i framtida er det m.a. behov for større innsats for å førebyggje og fremme helse. Avtalen om samarbeid om førebyggjande tiltak skal bidra til å avklare aktuelle satsingsområde og samarbeidstiltak.

11. *Den akuttmedisinske kjeda*

Delavtalen avklarar det rettslege utgangspunktet og inneber ei forplikting til vidare avklaringar av ansvarsfordeling og aktuelle tiltak for å sikre god samhandling på dette viktige området. Det har vore føresett at førebels avtale inngått vinteren 2012 skal konkretiserast i ein revidert avtale.

12. *Nettverk innan kreftomsorg/lindrande behandling*

Avtalen om «drift av nettverk for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling» inneber etablering og drift av nettverk der m.a. ressursjukepleiarar i kommunane deltek. Den skal sikre kompetanseoverføring og gode metodar i behandling og omsorg.

13. *Psykisk helse*

Avtalen skal sikre ansvarsavklaring og legge til rette for heilskaplege tenestetilbod innan psykisk helse-området. Denne avtalen blir innan kort tid erstatta med ein ny.

14. *“Møteplassen” for habilitering/rehabilitering*

Ordninga er retta mot “koordinerande eining” i kommunane, og inneber etablering av nettverk og erfaringsutveksling. Den er kobla til regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest. Eit arbeidsutval med representantar frå kommunane, helseforetaket og Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter skal ivareta oppgåver med førebuing og tilrettelegging.

15. *Smittevern*

Det vart i 2006, med bakgrunn i forskrift om smittevern i helsetenesta, inngått avtale mellom helseforetaket og dei enkelte kommunane om bistand og rådgjeving innan smittevern. I dette inngjekk m.a. utarbeiding av eit infeksjonskontrollprogram. Det er no inngått ny delavtale som litt meir generelt omhandlar samarbeid om smittevern.

16. *Gjensidig hospiteringsordning*

Delavtalen fastset mål, ordning og gjensidige plikter i høve hospitering. Avtalen vart utarbeidd i samband med eit eige samhandlingsprosjekt («kompetanseutvikling gjennom gjensidig hospitering»).

17. *Turnuslegeordning*

Nye føresegner føreset at helseforetak og kommunar skal samarbeide om ei ordning for utlysing og tilsetning av turnuslegar, slik at dei kan få høve til å gjennomføre ei

samla turnusteneste (12 mndr i helseføretak og 6 mndr i kommune) og slik få fullført si utdanning. Avtalen regulerer dette samarbeidet.

18. *Nettverk innan eldreomsorg og eldremedisin*

Avtalen inneheld førsegner om eit felles fagnettverk og aktuelle samarbeidstiltak innan eldreomsorg og eldremedisin. Dette blir lagt opp etter modell av nettverket innan kreftomsorg /lindrande behandling.

Rammeavtale og delavtalar er tilgjengelege på [Samhandlingsbarometeret](#).

2.2 Avtalar under arbeid

Psykisk helse/rusbehandling

Gjeldande avtale om psykisk helse vart inngått i 2008. Den er relativt konkret i høve kommunikasjon og samarbeidstiltak. Samhandlingsreforma, og nye mål også for psykisk helsearbeid og psykisk helsevern, har aktualisert ein grundig revisjon av avtalen. Det finst i dag ingen eigen samarbeidsavtale som gjeld rusfeltet. Eit framlegg til delavtale om psykiske helsetenester og rusbehandling vart godkjent av koordineringsrådet den 20.11.14 og er no til slutthandsaming hos partane.

Beredskap

Inngått rammeavtale omtalar i kap. 5 samarbeid om beredskap på eit relativt overordna nivå, og det har vore føresett at dette må følgjast opp med ein meir konkret avtale. Arbeidet med ein delavtale om beredskap vart oppstarta vinteren 2014. Det er utarbeidd framlegg til delavtale som er handsama i koordineringsrådet i november 2014. Koordineringsrådet sendte saka tilbake til arbeidsgruppa for utvikling av delavtaleframlegget, og nytt framlegg er godkjent i koordineringsrådet den 01.06.15. Avtalen er no til slutthandsaming hos partane.

Lærings- og meistringstilbod

Det er ingen eigen delavtale på dette området i dag, men lærings- og meistringstilbod er m.a. omtalt i delavtale om tilbod til pasientar med behov for koordinerte tenester. Utvikling av samarbeid og tilbod på dette området, og i større grad tilbod i kommunane, er eit uttalt mål i samhandlingsreforma. Tilboda bør utviklast saman med pasientar og brukarar. Eit framlegg til delavtale vart godkjent i koordineringsrådet den 01.06.15 og er no til slutthandsaming hos partane.

Den akuttmedisinske kjeda

Gjeldande delavtale avklarar i stor grad den formelle ansvarsfordelinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta og inneheld nokre få aktuelle samarbeidstiltak. Dette er eit område der samhandlinga mellom aktørane er viktig og krevjande, og der det er meldt om ein del uønska hendingar og avvik. Partane har difor ønskt å vidareføre eit arbeid med konkretisering og utfylling av avtalen. Arbeidet med ein delavtale vart oppstarta vinteren 2014 og vil bli ferdigstilt hausten 2015.

Pasienttransport

Det finst ingen samarbeidsavtale i høve pasienttransport. Dette er eit område med ein del meldingar om uønska hendingar og avvik og eit opplevd behov for utgreiing og tydeleggjing av ansvarsforhold og avklaring av rutinar. Nedsett arbeidsgruppe har i juni 2015 lagt fram eit framlegg til delavtale.

Tilvising/innleggjing og utskrivning

Delavtalen om tilvising og innleggjing vart inngått for fleire år sidan og treng oppdatering. Ein ser at det er behov for å gå gjennom rutiane i samband med innleggjing, og det er viktig at ein sikrar større grad av informasjonsoverføring i samband med tilvising av pasientar til spesialisthelsetenesta. Det er og svært varierende praksis når det gjeld tilvising. Det blir vidare arbeidd med ein revisjon av delavtalen om utskrivning, på bakgrunn av erfaringar og innføring av elektronisk meldingsutveksling. Ein tek sikte på *ein* avtale om tilvising/innleggjing og utskrivning. Dette fordi ulike samhandlingstiltak på desse områda gjeld eit samla forløp. Eit framlegg til ny delavtale vil ligge føre hausten 2015.

Legemiddelhandtering og legemiddelbruk

Kommunane har hatt avtalar med Sjukehusapoteka Vest om farmasøytisk tilsyn og rådgjeving. Partane har ei målsetting om ein avtale der det noko breiare blir vurdert tiltak som kan sikre god og forsvarleg legemiddelhandtering, noko som kan vere kritisk viktig i tilbodet til enkeltpasientar. Arbeidet i nedsett arbeidsgruppe pågår.

Opplæring og praksis for helsefagarbeidarar

Delavtale nr 7 om forskning og utdanning har følgjande føresegn:

«Kommunen og Helse Førde skal fastsette eigne planar for praksisplassar og læreplassar og korleis ein vil styre og kvalitetssikre oppfølging av studentar og lærlingar. Delar av dette arbeidet vil skje i etablerte samarbeidsfora mellom partane og utdanningsintusjonane.»

Det er behov for å utfylle denne avtalen for å

- avklare nærare kva plikta til å fastsette planar for læreplassar skal bestå i
- avklare korleis praksisen bør innrettast og i kva grad den bør omfatte praksis i spesialisthelsetenesta, slik at lærlingane kan nå måla i læreplanen
- avklare eventuelle andre forhold.

Det skal ut frå dette utarbeidast ein eigen samarbeidsavtale heimla i delavtale om forskning og utdanning. Framlegg frå nedsett arbeidsgruppe vil ligge føre hausten 2015.

Lindrane behandling

Det eksisterer i dag ein avtale om «drift av nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling» (inngått i 2008). Dette vert vurdert som ein god og konkret avtale som har bidrege til eit godt samarbeid og viktig kompetanseutvikling i kreftomsorga. Det er gjort ei vurdering av at det vil vere tenleg med ein delavtale som meir generelt omhandlar ansvarsavklaring og samarbeid i høve lindrande behandling, avgrensa til palliasjon, men ikkje avgrensa til kreftomsorga.

Eit framlegg til delavtale vart handsama i koordineringsrådet den 14.11.13. Rådet konkluderte med at det måtte arbeidast vidare med ein meir konkretisert avtale før ny handsaming i koordineringsrådet. Det ligg førebels ikkje føre nytt avtaleframlegg.

2.3 Planlagde avtalar

Beredskap for pandemisituasjonar

Det er i delavtalen om beredskap føresett at partane skal inngå ein eigen avtale om beredskap for pandemisituasjonar.

2.4 Tabell – oversyn over avtalar

Avtale	Status
Rammeavtale	Inngått
Partane sitt ansvar for helse- og omsorgstenester	Inngått
Pasientar med behov for koordinerte tenester	Inngått
Tilvising/innlegging	Inngått, under revidering
Tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp	Inngått
Utskriving	Inngått, under revidering
Kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling	Inngått
Forsking og utdanning	Inngått
Svangerskaps-, fødsels-, barselomsorgstenester	Inngått
IKT-løysingar lokalt	Inngått
Førebygging	Inngått
Den akuttmedisinske kjeda	Inngått, under revidering
Nettverk innan kreftomsorg/lindrande behandling	Inngått
Psykisk helse	Inngått, blir erstatta av ny
“Møteplassen” for habilitering/rehabilitering	Inngått
Smittevern	Inngått
Gjensidig hospiteringsordning	Inngått
Turnuslegeordning	Inngått
Nettverk innan eldreomsorg og eldremedisin	Inngått
Psykisk helse/rusbehandling	Slutthandsaming i kommunane
Beredskap	Slutthandsaming i kommunane
Lærings- og meistringstilbod	Slutthandsaming i kommunane
Den akuttmedisinske kjeda	Under arbeid
Pasienttransport	Under arbeid
Tilvising/innlegging og utskrivning	Under arbeid
Legemiddelhandtering og legemiddelbruk	Under arbeid
Lærlingplassar for helsefagarbeidarar	Under arbeid
Lindrande behandling	Under arbeid
Beredskap for pandemisituasjonar	Ikkje oppstarta

3. Prosjekt

3.1 Avslutta prosjekt

Betre praksis for utskrivingsklare pasientar i somatisk spesialisthelseteneste

Målet med dette prosjektet var m.a. at pasientane skal bli utskrivne til rett tid, at pasientar/tilsette opplever at prosessane er gode og at pasientane får rett omsorg /behandling i kommunen etter utskrivning.

Alle kommunane gjorde vedtak om tilslutning til prosjektet, men fem kommunar vart inviterte til å delta særskilt. Desse kommunane var Lærdal, Sogndal, Førde, Flora og Gloppen. Prosjektet vart i hovudsak finansiert av Helse Vest/Helse Førde med i alt kr 700 000.

Det vart etablert felles styrings- og prosjektgruppe med deltakarar frå kommunane og Helse Førde m.v. og tre prosjektmedarbeidarar i tilsaman vel 100 % stilling. Prosjektet utarbeidde i ein første fase framlegg til ny delavtale og nye rutinar for utskriving av pasientar for somatikkområdet. Det var semje med kommunane om å praktisere nye rutinar frå årsskiftet 2011/2012, og helseføretaket og alle kommunane har sidan vedteke avtalen. Prosjektet skulle vidare syte for god implementering og oppfølging av fastsette rutinar i helseføretaket og kommunane.

Sentralt i prosjektet i den siste fasen var overvaking og evaluering av korleis rutinane fungerte og vurdering av behov for eventuelle endringar. Vidare skulle prosjektet tilrå tiltak for å utvikle kommunikasjonslinene og vurdere dei kommunale rutinane. Ved avslutninga av prosjektet vart det i september 2012 arrangert ein eigen todagars konferanse med god deltaking frå partane, der sentrale tema i høve god utskrivingspraksis vart belyst. Sluttrapport frå prosjektet ligg føre.

Telemedisin Sogn og Fjordane – forprosjekt (fase 1)

Det er eit mål at helse- og omsorgssektoren skal ta i bruk teknologi for å fremje nye samarbeidsmåtar og nye måtar å levere helse- og omsorgstenester på. Forprosjektet avklarte aktuell bruk av videoutstyr, naudsynte føresetnader for å ta det i bruk og avtalar som kan nyttast. Vidare sytte prosjektet for spreiding av kunnskap og ei forankring hos partane. I tillegg la prosjektet rette for etablering av tenlege telemedisinske løysingar med utgreiing av aktuelt utstyr, formelle krav som må ivaretaast, rutinar som må ligge føre, osv. Retningsliner i høve ansvarstilhøve, personvern og informasjonstryggleik knytt til diagnostikk og pasientoppfølging via videokonferanse vart utarbeidd.

Prosjektomtale og søknad om midlar vart utarbeidd i eit samarbeid mellom KS og helseforetaket. Kommunane v/Førde kommune fekk kr 400 000 frå Helsedirektoratet til eit kartleggjings- og tilretteleggjingsarbeid. Kommunane gjorde vedtak om å dekke kr 400 000.

50 % prosjektleiarstilling vart løyst gjennom at stilling i helseføretaket vart stilt til disposisjon for prosjektet. Kommunane sine deltakarar i prosjektgruppa skulle i utgangspunktet representere forsøka som var i gang i Høyanger/Askvoll og Hyllestad/Gulen. I tillegg vart det lagt opp til representasjon frå samarbeidsprosjekta i Nordfjord og Sogn.

Det vart gjennomført tre seminar/«workshops», den første for tilsette i helse- og omsorg i kommunane og andre samarbeidspartar som t. d. NAV, den andre for tilsette i spesialisthelsetenesta, og det vart vidare gjennomført eit seminar for alle med god deltaking.

Prosjektet peikte på behovet for å etablere eit felles forum som kan sikre vidare utvikling av telemedisinske løysingar innanfor rammene av nasjonale og regionale retningsliner og standardar og sikre naudsynt samarbeid og heilskaplege løysingar i fylket.

Sluttrapport frå prosjektet er utarbeidd.

Telemedisin Sogn og Fjordane – hovudprosjekt (fase 2)


I samband med oppstart av hovudprosjektet vart det gjennomført eit innleiande informasjons-, forankrings- og kartleggingsarbeid. Ei fellessamling den 10.06.13 markerte oppstarten for hovudprosjektet.



Det har vore tilsett prosjektleiar i 75 % stilling og IKT-avdelinga i Helse Førde har i tillegg bidrege med ressursar i prosjektet. Seevia, Tromsø Telemedicine Consult og Norsk helsenett har delteke som viktige støttespelarar.

Det er utarbeidd eit oversyn over kartlagt infrastruktur og utstyr m.v. i fylket, investeringar som vil vere aktuelle for kommunane, tilrådd utstyrspakke og grunnlag for å vurdere kostnadene. Prosjektet bistår med bestilling, oppsett, opplæring og bruk.

Innhaldet i prosjektet kan skisserast slik:



Prosjektet starta med området hud/sår, og utvikla gjennom dette ein metodikk for utprøving og breidding som kan nyttast også på dei andre områda. Prosjektet vart avslutta 30.06.14.

Prosjektet er finansiert ved midlar frå ulike kjelder (m.a. Helse Vest/Helse Førde, til saman 1 mill kr, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 550 000 kr, utviklingsprosjektet i Nordfjord 1,5 mill kr). Alle dei 26 kommunane i fylket gjorde i 2011 vedtak om å gå inn med i alt 400 000 kr (jfr forprosjektet). I 2012 er det løyvd 500 000 kr frå Helsedirektoratet, noko som føreset tilsvarande eigeninnsats frå kommunane. Korleis dette skal løysast og fordelast på kommunane vil bli avklara hausten 2014.

Det ligg føre sluttrapport frå prosjektet.

Pasientforløp for hjerneslagpasientar som treng oppfølging av spesialisthelsetenesta og i kommunen etter akuttfasen

I tråd med nasjonale faglege retningslinjer for behandling og rehabilitering ved hjerneslag (2010) var målet med prosjektet å bidra til å gi lik og god kvalitet til slagpasientar i Sogn og Fjordane. Hjerneslag er og eit satsingsområde i den nasjonale pasienttryggleiksprogrammet "I trygge hender".

Helse Førde hadde i 2008 eit forbetningsprosjekt i høve akuttbehandling og tidleg rehabilitering, og ein ønskte gjennom prosjektet å vidareføre dette til å gjelde rehabilitering i spesialisthelsetenesta og vidare oppfølging i/med kommunen.

I samband med utskrivning frå sjukehus etter eit hjerneslag skal det sikrast at all relevant informasjon om pasienten og planer for vidare rehabilitering og oppfølging er på plass, og at neste ledd i behandlingsskjeda er klar til å overta. Det er og viktig å sikre god samhandling og samarbeid mellom helseføretak og kommunehelsetenesta rundt denne pasientgruppa.

Prosjektet vart for ein stor del finansiert ved at Helse Vest/Helse Førde sette av kr 180 000 til projektet. I samarbeid med KS vart det avklara at to kommunar skulle delta særskilt i projektet; Høyanger og Flora. Desse kommunane hadde kvar sin representant i projektgruppa.

Prosjektet starta i oktober 2011. Det vart etablert 10 arbeidsgrupper som arbeidde med ulike tema i projektet, herunder kartlegging av dagens rutinar, utvikling av interne rutinar i rehabilitering og poliklinikk, felles tverrfaglege team og hospiteringar i samband med utskrivning av pasientar. Sluttrapport ligg føre.

Kompetanseutvikling gjennom gjensidig hospiteringsordning

Å få til god samhandling og god kvalitet i ei samhengande behandlingsskjede føreset aktørar i helsevesenet som kjenner til kvarandre. Leiarar og fagfolk i spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta må vite om kvarandre sine oppgåver og rutinar for å forstå heilskapen og derigjennom vere i stand til å samhandle og utvikle kvaliteten.

Leiarar har sine samhandlingsarenaer som gir eit visst høve til å skaffe seg denne innsikten. Legane har praksiskonsulentordninga og fora og prosjekt i regi av praksiskonsulentane. Når det gjeld anna helsepersonell, som sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, er slike ordningar i mindre grad sett i system i Helse Førde-området. Eitt viktig unnatak er kreftomsorga.

Partane såg behovet for å etablere ei systematisk gjensidig ordning for hospitering for sjukepleiarar og helsefagarbeidarar og tilsvarande fagpersonale. I tillegg til at dette kan gje verdifull fagleg innsikt og kompetanseutvikling, ser ein at dette kan ha ein positiv kultur- skapande effekt.

Prosjektomtale og søknad om midlar vart utarbeidd i eit samarbeid mellom KS og helseforetaket. Projektet utgreidde ei ordning for hospitering og framlegg til delavtale på området, i tillegg til å syte for utprøving av ordninga.

Kommunane v/Førde kommune fekk kr 300 000 frå Helsedirektoratet til eit kartleggjings- og tilretteleggjingsarbeid. Projektet hadde ei 50 % prosjektleiarstilling og felles styrings- og projektgruppe. Projektet vart oppstarta våren 2012. Projektet gjennomførte ein pilot-/utprøvingssfasa der Kreftavdelinga og Medisinsk avdeling, gruppe 2 deltok frå Helse Førde. Det var to pilotkommunar (Luster og Flora). I juni 2013 låg det føre projektrapport og eit framlegg til delavtale med omtale av ordning og prosedyrar som no er inngått mellom partane.

Heilskaplege og koordinerte tenester i pasientforløp for KOLS-pasientar

KOLS-pasientar er ei pasientgruppe der det med relativt enkle tiltak vil vere mogeleg å oppnå eit betre pasientforløp enn det som ofte har vore tilfellet. Gjennom projektet skulle det

samstundes utviklast ein metode for korleis nivåa i lag med brukargruppene kan samarbeide for å utvikle slike heilskaplege pasientforløp i Sogn og Fjordane.

Prosjektomtale og søknad om midlar vart utarbeidd i eit samarbeid mellom KS og helseføretaket. Kommunane v/Førde kommune fekk kr 600 000 frå Helsedirektoratet til prosjektet. Kommunane gjorde vedtak om å dekke kr 600 000, og av dette var kr 200 000 i avsette midlar.

Prosjektet inviterte tre kommunar i fylket med i eit pilotprosjekt for å finne fram til eit godt pasientforløp og ei rett oppgåvefordeling og gode veksingar mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Desse kommunane var Årdal, Jølster og Vågsøy.

Prosjektleiartilsett frå 15.08.12 (80 % stilling). Partane etablerte felles styrings- og prosjektgruppe. Etter ein innleiande kartleggjingsfase vart det arbeidd med utforming av pasientforløp og vurdering av meir konkrete tiltak for pasientar i ulike fasar. Det vart og teke sikte på ei utprøving for enkeltpasientar med utgangspunkt i ein individuell plan, men på grunn av at det var få pasientar i den aktuelle perioden, vart denne delen mindre vellukka. Prosjektet vart avslutta i februar 2014. Det ligg føre sluttrapport, og ein kunnskapsbase og eit grunnlag for å arbeide vidare med pasientforløp for denne gruppa ligg føre på [Samhandlingsbarometeret](#) (gå til «Undersøkingar og prosjekt», «flytskjema KOLS»).

Meldingsløftet i Sogn og Fjordane

Gjennom prosjektet «Meldingsløftet i Vest» og programmet «Støtte til samhandling» er det utvikla og innført elektronisk meldingsutveksling mellom helseføretaket og legekontora i fylket. Det er no elektronisk utveksling av tilvisingar og epikrisar, røntgen og laboratoriemeldingar mellom Helse Førde og alle legekontora.

I høve til gjennomføring av samhandlingsreforma har det og vore vurdert som viktig å tilrettelegge for elektronisk meldingsutveksling mellom legekontor og pleie og omsorg i kommunane og mellom pleie og omsorg og helseføretaket (såkalla pleie- og omsorgsmeldingar). Dette har det vore arbeidd med i tre prosjekt med grenseflater til kvarandre.

På Vestlandet er det Stavanger og Bergen som har vore nasjonale pilotkommunar. Dette har vore teke vidare i det regionale prosjektet «*Vestlandsløftet*», som skal støtte kommunane i arbeidet med å innføre pleie- og omsorgsmeldingar. Det har vidare vore etablert eit fellesprosjekt i Sogn og Fjordane med alle kommunane i fylket, IT-forum Vestlandsforskning og Helse Vest/Helse Førde som deltakarar for å få implementert dette i alle kommunane (*Meldingsløftet i Sogn og Fjordane*). Ein grupperte her kommunane etter kva fagsystem dei nyttar i pleie og omsorg. Prosjektet støtta kommunane i deira arbeid.

Vidare har Helse Førde hatt ei aktiv rolle i eit eige prosjekt under programmet «*Støtte til samhandling*» i Helse Vest, noko som har vore avgjerande for resultatet.

Prosjekta er no i hovudsak avslutta, men det blir arbeidd vidare med nokre nye meldingstypar.

Prosjektet «Meldingsløftet i Sogn og Fjordane» fekk eit tilskot på kr 1 065 000 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune (skjønsmidlar og «RUP-midlar»). Vidare har Helse Vest/Helse Førde særskilt sett av kr 500 000 til Helse Førde sin medverknad.

Folkehelseavdelinga – interkommunalt samarbeid i Sunnfjord og ytre Sogn

I eit samarbeid mellom 12 kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn vart det utgreidd ei felles tverrfagleg teneste i høve til miljøretta helsevern, smittevern og arbeid med folkehelse /førebygging. Sluttrapport låg føre 20.04.12. Kommunane vart samde om å etablere ei slik felles teneste, lokalisert til Florø. Denne felles tenesta er kalla «Folkehelseavdelinga» og har i alt 3 årsverk fordelt på 5 stillingar, med legar og annan relevant kompetanse. Balestrand og Hyllestad deltek ikkje i dette samarbeidet.

Fellestiltaket starta opp 01.01.13, og har etablert ei eiga [heimeside](#).

Folkehelse og førebyggjande arbeid i Sogn

Kommunane Sogndal, Luster og Leikanger gjekk saman om eit prosjekt med nemninga “Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn”. Prosjektet var toårig og skulle styrke eit kunnskapsbasert førebyggjande helsearbeid. Kommunane fekk kr 800 000 frå Helsedirektoratet og kr 100 000 i fornyingsmidlar frå fylkesmannen til prosjektet. Prosjektleiari vart tilsett hausten 2011.

Det har vore gjennomført ei kartlegging av helsetilstand og helseutfordringar i kommunane og vurdert aktuelle tiltak. Vidare er det etablert/vidareutvikla ein frisklivssentral og det har vore arbeid med turveg og utstyrssentral. Hausten 2013 mottok prosjektet midlar frå Helsedirektoratet og fylkesmannen for å vidareutvikle frisklivssentralen til og å bli lærings- og meistringssenter for enkelte grupper, jfr eigen [rapport](#). Dette tilbodet er starta opp hausten 2014, og sentralen har fått namnet Sogn frisklivs- og meistringssenter.

Les meir om prosjektet på eiga [heimeside](#).

Interkommunal teneste innan samfunnsmedisin i Nordfjord

I prosjektet vart det gjort ei utgreiing av behov for felles fagstilling(ar) innan samfunnsmedisin. Aktuelle oppgåver: Overvaking av helsetilstanden hos innbyggjarane, styringsinformasjon, førebyggjande tiltak som virker, planarbeid, medisinsk-fagleg rådgjeving i høve til samhandling, undervisning, smittevernplanar, samhandsaming innan miljøretta helsevern. Kommunane fekk 300 000 fr frå Helsedirektoratet til prosjektet. Prosjektarbeidet er gjennomført, men tiltaket er ikkje oppstarta enno. Bremanger kommune er ikkje med i dette samarbeidet.

KOLS-prosjekt i Årdal kommune

Årdal kommune fekk i 2010 midlar (kr 1 mill) til oppstart av eit prosjekt som skulle utgreie lokale tilbod til menneske med KOLS. Prosjektet skulle gå i 3 fasar. Prosjektleiinga vart ivareteken av Sogn bedriftshelseteneste, og styringsgruppe/prosjektgruppe vart etablert. Det har vore ei kobling mellom dette prosjektet og “fylkesprosjektet” som er omtalt tidlegare.

Føremåla med prosjektet var:

1. Ein lettare kvardag for menneske med diagnosen KOLS
2. Auka kunnskap om KOLS hos både pasientar, pårørande og fagpersonell
1. Eit styrka tverrfagleg samarbeid internt i kommunen og meir samhandling med spesialisthelsetenesta
2. Eit lokalt og lett tilgjengeleg tenestetilbod der brukarar kan få råd og rettleiing med sikte på heva meistring
3. Ei sterkare brukarrolle
4. Minske tal sjukehusinnleggingar

Prosjektarbeidet starta i slutten av januar 2012. Det er etablert konkrete tenester overfor KOLS-pasientar i Årdal: Gruppe av ressurs-sjukepleiararar innan KOLS, etablering av brukargruppe, meistringskurs, treningstilbod, hjelp til røykeavvenning m.m.

Framtidas lokalsjukehus – utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus

Oppdraget til utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus var å utforme ein modell for Nordfjord sjukehus som er framtidsretta og som gir eit trygt tenestetilbod til befolkninga i Nordfjordregionen, samtidig som modellen har overføringsverdi til andre lokalsjukehus. Modellen skulle ta omsyn til samhandlingsreforma og Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015).

Prosjektet involverte representantar frå kommunane, og samhandling mellom spesialist- og kommunehelsetenesta var eit viktig tema i prosjektet. Det har vore initiert fleire delprosjekt som gjeld samhandling. [Sluttrapport](#) frå utviklingsprosjektet låg føre i mars 2013.

Samhandling for betre pasienttryggleik

Prosjektet er ei oppfølging av nasjonal pasienttryggleikskampanje. Prosjektet skulle ta utgangspunkt i pilotprosjekta som er gjennomført i høve til urinvegsinfeksjonar i Helse Førde (Lærdal) og Aurland kommune, og legemiddelbruk i Flora kommune. Overordna mål i prosjektet var å hindre unngåelege pasientskader i sjukeheimar i Sogn og Fjordane ved å bygge varige strukturar for samhandling og kunnskapsoverføring og forbetre pasienttryggleikskulturen, og ved auka kunnskap om forbetningsarbeid blant helsepersonell i både kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta

Deltakarar i prosjektet har vore Helse Førde, Utviklingssenter for sjukeheimar og heime-tenester i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane og kommunar som ønskjer å delta. Det er i alt 12 kommunar i Sogn og Fjordane som har delteke. Prosjektet er no avslutta.

Interkommunale helsetenester ved Nordfjord sjukehus (IHNS)/KAD Nordfjord



Dette har vore eit relativt omfattande prosjekt over tre år. Kommunane Bremanger og Gloppen er ikkje med i dette samarbeidet. Målet var å avklare kva nye oppgåver som i dag blir utført av spesialisthelsetenesta som etter intensjonane i samhandlingsreforma skal overtakast av kommunane, og kva dette krev av samarbeidsløysingar. Noko av dette vil vere døgnopphald med tilbod "før, i staden for og etter" sjukehusopphald. Helsedirektoratet løyvde kr 500 000

til prosjektet i 2011. Funksjonen som prosjektleiar vart i forstudiet løyst ved avtale med Ressurscenter for omstilling i kommunene, i forprosjektet og hovudprosjektet har prosjektleiinga vore ivareteken av Eid kommune. Det vart gjennomført ei kartlegging av ressursar, kompetanse og utfordringar i kommunane som danner eit grunnlag for å vurdere val av framtidige løysingar. Sluttrapport frå forstudiet låg føre i juli 2012, og vart handsama i kommunane saman med plan for forprosjektfasen hausten 2012.

Helsedirektoratet løyvde kr 450 000 til forprosjektet, og prosjektet har netto hatt kr 300 000 til disposisjon for denne fasen. Forprosjektet og tilhøyrande avtalar vart godkjent av kommunane våren/hausten 2013.

Hovudprosjektet er gjennomført og sluttrapport ligg føre. Tiltaket starta 07.10.13 med 5 felles senger for øyeblikkeleg hjelp lokalisert i tilknytning til medisinsk sengepost ved Nordfjord sjukehus, og med tilknytning til og samarbeid med interkommunal legevakt og legevaktsentral i 1. etasje ved sjukehuset. Meir informasjon på eiga [heimeside](#).

Sogn lokalmedisinske senter



Lærdal kommune tok initiativ til eit prosjekt som hadde nemninga "Etablering av distriktsmedisinsk senter som eit tillegg til lokal-sjukehuset i Lærdal – DMS Sogn." Tittelen vart seinare endra til Sogn lokalmedisinske senter. Prosjektet vart delt opp i tre fasar over tre år: Forstudium, forprosjekt og hovudprosjekt. Det vart løyvd kr 400 000 frå Helsedirektoratet og kr 100 000 frå fylkesmannen til dette arbeidet.

Utover dette har regjeringa særskilt løyvd 5 mill kr til utvikling av eit lokalmedisinsk senter ved Lærdal sjukehus, 2,5 mill kr til kommunane og kr 2,5 mill til helseforetaket.

Prosjektet starta med oppstartseminar 12.09.11. Det vart ikkje tilsett prosjektleiar i samband med forstudiet, men det vart gjort avtale om prosjektstøtte frå konsulentfirma (PwC). Kommunane i Sogn deltok i arbeidet med forstudiet som vart slutført ved sluttrapport av 14.05.12 (Balestrand hadde observatørstatus). Sommaren 2012 slutta kommunane seg til eit vidare arbeid med forprosjekt, men kommunane Sogndal og Luster ønskte ikkje å delta i høve delutgreiing som gjaldt interkommunale senger ved Lærdal sjukehus.

På bakgrunn av forstudien vart det arbeidd med eit forprosjekt som omfatta:

1) legevakt, akuttenger og intermediære senger, 2) fagnettverk og 3) pasientforløp.

Eit oppstartseminar vart arrangert i Lærdal den 18.01.13. Forprosjektet vart avslutta i november 2013 og handsama i dei aktuelle deltakarkommunane og Helse Førde innan starten av mars 2014. Ved dette vart det avklara at partane tok sikte på slikt samarbeid:

- Interkommunal legevakt for kommunane Lærdal, Årdal og Aurland
- Interkommunal legevakttelefonentral for kommunane Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal, Leikanger og Vik
- Døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp for kommunane Lærdal, Årdal, Aurland og Leikanger (5 sengeplassar)
- Kreftkoordinator for kommunane Lærdal, Årdal og Aurland

Funksjonane vil vere lokalisert til Lærdal sjukehus (etter modell frå Nordfjord). Oppstart av senteret var den 01.02.15. Meir informasjon finst på eiga [heimeside](#).

Med basis i prosjektet blir det og utgreidd samarbeid om kompetanseutvikling og fagnettverk og etablering av heilskaplege pasientforløp. Det skal vidare vurderast om samarbeidet skal omfatte rehabilitering i institusjon og tilbod innanfor psykisk helsearbeid og rusbehandling.

Saman om forskning

Prosjektet er forankra i ein eigen delavtale mellom Helse Førde og kommunane, der partane har forplikta seg til felles utgreiing av eit fylkesomfattande samarbeid om forskning.

Målet er at helse- og omsorgstenestene skal utviklast på grunnlag av god, forskingsbasert kunnskap. Prosjektet skulle utgreie kommunal deltaking i Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane. Senteret er no eit samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Prosjektet skulle vurdere gi ei tilknytning til styringsinformasjonen i Samhandlingsbarometeret og siktemålet er her å etablere naudsynt analysekompetanse og -kapasitet.

Helse Vest/Helse Førde sette av 200 000 kr til prosjektet. Prosjektet vart gjennomført 1. halvår 2015, og [sluttrapport](#) låg føre den 01.06.15.

3.2 Prosjekt under arbeid

Samhandlingsbarometeret

Spesialist- og kommunehelsetenesta skal samarbeide som likeverdige partar og utvikle tenestene basert på kunnskap. Dette må i større grad enn tidlegare vere tilgjengeleg og felles kunnskap. Det bør samarbeidast om å finne fram til data som er relevante og viktige, korleis dei kan tolkast, korleis dei skal samanstillast og tilgjengeleggjerast og korleis dei kan nyttast. Prosjektet hadde i starten som føremål å få fram gode data for skilnader i tilvisingsrater og forbruk av spesialisthelsetenester. Men fokuset er etter kvart utvida til å omfatte andre data som ein ser som nyttig styringsinformasjon, m.a. annan statistikk i høve helse- og omsorgstenester, undersøkingar, forskingsresultat, omtale av prosjekt og samarbeidsavtalar.

Prosjektet vart i hovudsak vore finansiert av Helse Vest/Helse Førde med i alt kr 2,270 mill i 2010-2013. Vidare vart det løyvd kr 0,5 mill til kommunane frå Helsedirektoratet i 2013. Det har vore tilsett prosjektleiar i 50 % stilling frå 01.05.11. Frå 15.11.11 var det prosjektleiar i 100 % stilling.

Det har vore etablert styringsgruppe og prosjektgruppe med representantar frå helseføretaket, kommunane og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det er inngått avtale om bruk av eige publiseringstiltak, og Helse Vest IKT/Datavarehuset bistår med tilrettelegging av data som gjeld spesialisthelsetenesta. Partane samarbeider om identifikasjon av aktuelle indikatorar som skal tilgjengeleggjerast på Samhandlingsbarometeret. Ein viktig del av konseptet er tilrettelegging av system for felles analyse og drøfting av tiltak i relevante fora og nettverk.

Helse Bergen knyter seg no til Samhandlingsbarometeret og skal nytte verktøyet i høve egne data. Det same gjeld Universitetssykehuset i Nord-Norge (UNN).


Partane i Sogn og Fjordane gjennomfører ein prosess i høve overgang til drift av Samhandlingsbarometeret etter prosjektperioden, som i utgangspunktet varte til 01.05.13. Styringsgruppa har tilrådd at dei tre partane har eit felles ansvar for Samhandlingsbarometeret som eit permanent opplegg for sikring av relevant styringsinformasjon. Partane er utfordra på å sikre ei finansiering av ein driftsmodell. Det er etablert styringsgruppe og ressursgruppe for drifta. Prosjektleiara var i stillinga til 01.09.13, etter dette er det ein fast tilsett koordinator for [Samhandlingsbarometeret](#).

Pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester («storbrukarar»)

Følgjeforskning i prosjektet «Framtidas lokalsjukehus» viser at sjukehusbruken er svært skeivt fordelt i pasientpopulasjonen. I 2011 og 2012 sto dei 10 % av pasientane som hadde høgast liggedøgnforbruk for heile 44 % av totalforbruket. [Rapporten](#) finst på heimesida til utviklingsprosjektet.

Funna viste at «storbrukargruppa» skil seg tydeleg frå resten, både i form av ulike eigenskapar og ulikt forbruksmønster:

- Eldre
- Har fleire ulike (og kroniske) lidningar
- Har høgare mortalitet
- Har fleire ø-hjelpsinnleggjingar og fleire reinnleggjingar
- Har i større grad opphald ved fleire ulike typar avdelingar/fagområde



Ein kan slutte at det finst ei «storbrukargruppe» som skil seg klart frå resten av pasientane. Gruppa let seg nokså lett avgrense analytisk. Pasientane har i stor grad (multiple) kroniske lidningar og langvarige tilstandar som krev oppfølging frå fleire ledd i behandlings-kjeda. Gruppa utfordrar i høve til å tenkje meir på tvers og meir langsiktig, og til å sikre gode overgangar mellom ulike ledd i kjeda. Heilskaplege samhandlingstiltak kan gi vinst både i form av betra kvalitet i den langsiktige oppfølginga og færre øyeblikkeleg hjelp-innleggjingar.

Med bakgrunn i vedtak i koordineringsrådet er det under etablering eit treårig forskingsprosjekt for å nærare å avklare kjenneteikn ved pasientgruppa og operasjonalisere ein metodikk for løpande identifikasjon av dei aktuelle pasientane.

Folkehelse og forskning/«Active Smarter Kids»

Det er oppstarta eit fellesprosjekt i høve folkehelse og forskning som skal inkludere alle kommunane i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Sogn og Fjordane (v/Geir Kåre Resaland) er den mest sentrale aktøren, men der også Helse Førde og Senter for helseforskning bidreg. Ideen for prosjektet er ein intervensjonsstudie med utvida fysisk aktivitet i grunnskulen med oppfølging av resultat i høve helse og læring for elevane.

58 skular i Sogn og Fjordane er involverte. På 28 av desse skal elevar i 5. klasse ha ein time fysisk aktivitet kvar dag. Den andre halvparten er kontrollgruppe som held på dagens nivå – to gonger 45 minutt med fysisk aktivitet i veka.

Det blir gjennomført omfattande målingar av elevane før og etter prosjektet. Dei skal følgjast opp i høve til m.a. skuleprestasjonar, trivsel, fysisk aktivitet, blodverdiar, muskelstyrke og motorikk. Intervensjonsstudien starta hausten 2014. Les [omtale](#) på heimesida til Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane.

Det er så langt løyvd midlar frå forskingsrådet til prosjektet.

Samarbeid i Sunnfjord og ytre Sogn

Samarbeidet omfattar i alt 12 kommunar. Gulen kommune er ikkje med i dette samarbeidet. Kommunane starta opp eit samarbeid som i utgangspunktet hadde desse føremåla:

- Bistå deltakarkommunane på generell basis med arbeidet i høve til samhandlingsreforma
- Utvikle nye tilbod og god samhandling i høve til førebygging
- Utvikle nye tilbod og god samhandling i høve til habilitering/rehabilitering

Ein hadde tidlegare (2010) fått kr 800 000 frå Helsedirektoratet og kr 400 000 frå fylkesmannen til dette arbeidet. Det vart vinteren/våren 2011 tilsett tre prosjektmedarbeidarar i til saman 250 % stilling. I den første fasen vart det lagt stor vekt på informasjon og forankring av prosjektet i kommunane. Det vart gjennomført ei kartlegging av ressursar, kompetanse og utfordringar i kommunane som skulle danne eit grunnlag for å vurdere val av framtidige løysingar.

Det er utgreidd og etablert ei felles tverrfagleg teneste i høve til miljøretta helsevern, smittevern og arbeid med folkehelse/førebyggjing, sjå omtale over. Kommunane har vidare utgreidd eit samarbeid om døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp/lokalmedisinske tenester og rehabilitering m.v.. Det vart i 2011 løyvd kr 500 000 frå direktoratet. Sluttrapport frå fase 1 låg føre 20.04.12.

Helsedirektoratet løyvde kr 650 000 til vidare arbeid. Prosjektet har hatt to prosjektstillingar som har bistått kommunane i vidare vurderingar og bistand i høve samhandlingsreforma.

Kommunane gjorde intensjonsvedtak om lokalisering av aktuelle fellesfunksjonar i Førde. Stipulert arealbehov i høve etablering av kommunale funksjonar ved sentralsjukehuset vart spelt inn, slik at dette kunne bli vurdert i samband med Helse Førde sin arealplan. Ein konkluderte med at det ikkje ville vere rom for dei kommunale funksjonane i sjukehusbygget, og at det såleis måtte finnast ei løysing utanom eksisterande sjukehusbygg.

Det vart frå hausten 2013 gjort ei nærare utgreiing av lokaliseringa i Førde. Valet sto mellom tilknytning til Førde helsetun (ombygging/utbygging av Røde Kors-bygget) og nybygg ved Førde sentralsjukehus. Etter den politiske handsaminga av saka i desember 2013 vart det gjennom dialog mellom prosjektet og Helse Førde utgreidd eit nytt alternativ for sjukehusnær løysing (no kalla «Bygg aust») som ved den politiske handsaminga i kommunane i juni 2014 fekk tilslutning.

Kommunane tek sikte på å etablere desse interkommunale funksjonane lokalisert til Førde:

- Legevakt (truleg 9 kommunar)
- Legevaktsentral (truleg 13 kommunar på kveld/natt og 12 kommunar på dagtid)
- Døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp/observasjonsenger (truleg 11 kommunar)
- Overgrepsmottak (tilbod for heile fylket)

